

KOMMISJONSVEDTAK**av 17. april 1996****om fastsetjing av eit skjema for framlegging av opplysningar i samsvar med artikkel 8 nr. 3 i rådsdirektiv 91/689/EØF(*)****(Tekst som er relevant for EØS)****(96/302/EF)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR-**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/689/EØF av 12 desember 1991 om farlig avfall⁽¹⁾, endra ved direktiv 94/31/EF⁽²⁾, særleg artikkel 8 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtene:

I medhald av den førnemnde føresegna skal Kommisjonen fastsetje i kva form opplysningar skal leggjast fram i samsvar med artikkel 8 nr. 3 i direktivet.

Til denne oppgåva skal Kommisjonen få hjelp av det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 18 i rådsdirektiv 75/442/EØF av 15. juli 1975 om avfall⁽³⁾, sist endra ved direktiv 91/692/EØF⁽⁴⁾, og som er samansett av representantar for medlemsstatane og vert leidd av representanten for Kommisjonen.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det førnemnde utvalet-

GJORT DETTE VEDTAKET:**Artikkel 1**

Det dokumentet som er lagt ved dette vedtaket, svarar til det skjemaet som skal nyttast til å leggje fram opplysningar i samsvar med artikkel 8 nr. 3 i direktiv 91/689/EØF om farlig avfall.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 17. april 1996.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 116 av 11.5.1996, s. 26, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 71/97 av 4. oktober 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

⁽¹⁾ TEF nr. L 377 av 31.12.1991, s. 20.

⁽²⁾ TEF nr. L 168 av 2.7.1994, s. 28.

⁽³⁾ TEF nr. L 194 av 25.7.1975, s. 39.

⁽⁴⁾ TEF nr. L 377 av 31.12.1991, s. 48.

DET EUROPEISKE FELLESSKAPET**Skjema for framlegging av opplysningar i samsvar med artikkel 8 nr. 3 i rådsdirektiv 91/689/EØF om farlig avfall**

MEDLEMSSTAT:

DATO (for innsending/ajourføring av opplysningar):

	Verksemd/føretak
Namn	
Adresse	
Telefonnummer	
Telefaksnummer	

<i>Berre til bruk for Kommissjonen:</i>
Referansenummer:.....

Avfallshandsamingsmetode ⁽¹⁾ (disponering eller nyttiggjering)	Pårekna kapasitet (skal først opp i t/år eller m ³ /år)	Type farleg avfall EAK-kode

⁽¹⁾ D- og R-kodane i vedlegg II A og II B til rådsdirektiv 75/442/EØF skal nyttast.